



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Møterom A, Rådhuset  
**Dato:** 03.11.2015  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm, permisjon frå kl. 15.50, før handsaming av PS 164/15	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Øyvind Festø, møte kl 15.50	Gunnar Strøm	MDG

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjørgard	Rådmann
Henrik Skovly	Økonomisjef
Jorunn Anne Tomasgard	Helse og omsorgsjef

## SAKLISTE

<b>Saksnr.</b> PS 155/15	<b>Sak</b> Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 156/15	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 157/15	2. Tertialrapport 2015

- PS 158/15      **Administrasjonsstader i nye politidistrikt**
- PS 159/15      **Nye 110-regionar og samlokalisering av nødmeldetenesta – Høyring**
- PS 160/15      **Campusutvikling på høgskulen i Volda - Kommunen sin medverknad**
- PS 161/15      **Grensejustering og makebyte mm av areal gbr 13/60 – Kvislagrova**
- PS 162/15      **Næringsareal på Rotset - Gjennomføring av reguleringsplan- Oreigning.**
- PS 163/15      **"Førebyggje utanforskap - inkludere i felleskapet"**
- PS 164/15      **Reforhandla samhandlingsavtale mellom Helse Møre og Romsdal og Romsdal HF og kommunane i Møre og Romsdal – godkjenning**
- PS 165/15      **Kommunereformen - Oppnemning av forhandlingsnemnd**
- PS 166/15      **Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av august 2015**
- PS 167/15      **Orienteringssaker**
- OS 112/15      **Flyktningssituasjonen og ytterlegare behov for innkvartering av asylsøkere**
- OS 113/15      **Volda statlege mottak, avdeling for einslige midreårige asylsøklarar. Konvertering til ordinær driftsavtale**
- OS 114/15      **Videre arbeid med kommunereformen - brev til alle landets kommunestyrrer**
- OS 115/15      **Referat frå fellesmøte for prosjektgruppene i Ørsta og Volda om kommunereforma - 28.09.2015**
- OS 116/15      **Invitasjon til Sunnmøre Arena 26. november 2015**
- OS 117/15      **Referat frå rådmannsgruppa Søre Sunnmøre 23.10.2015**
- OS 118/15      **Volda Idrettsråd - Samordninga av planlegging av idrettshallar**
- OS 119/15      **Framlegg til høyringsuttale frå Sunnmøre Regionråd - Høyring om administrasjonsstad for nye Møre og Romsdal politidistrikt**

- OS 120/15      **Innkalling til representantskapsmøte i Sunnmøre  
Regionråd IKS 20. november 2015**
- OS 121/15      **Modell for beregning av boligformue – soneinndeling**
- OS 122/15      **Svar på spørsmål om Volda formannskap - lovleg val?**
- OS 123/15      **Omsorgstenesta - statleg finansiering**
- OS 124/15      **Reguleringsplan B58 Bratteberg**
- OS 125/15      **Flyktnings situasjonen**

## **PS 155/15 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

Innkalling:

Ettersendte dokument på møtedagen:

- Vedlegg til sak PS 164/15 – Fagforbundet i Møre og Romsdal. *Endring i samarbeidsavtale – samhandlingsreforma*. 20.08.2015
- Orienteringssak: Fylkesmannen i Møre og Romsdal. *Volda formannskap – lovleg val?* 03.11.2015

Sakliste:

Ordføreren kom med framlegg om å sette orientering om budsjett og økonomiplan på saklista.

Odd A. Folkestad ynskte at forsøksprosjekt for statleg finansiering av omsorgstenestene vert sett på saklista.

Dan Helge Bjørneset bad om ei orientering om sakshandsamingsprosess kring spørsmål om overtaking av areal ved rundkøyringa Lerkene-Storgata. Administrasjonen vil orientere om dette på neste formannskapsmøte.

Anders Egil Straume ynskte ei orientering om status for reguleringsplan B58 i Bratteberg.

Gunnar Strøm ynskte ei orientering om flyktningssituasjonen.

Odd Harald Sundal ynskte ei orientering om praksis kring utleige av kommunale bygg på bygdene. Administrasjonen vil orientere om dette på neste formannskapsmøte.

Ordføreren kom med framlegg om å sette Fylkesmannen si tilbakemelding om val av formannskap på saklista.

Orientering om budsjett og økonomiplan

Innleiingsvis i møtet, orienterte rådmannen og økonomisjef Henrik Skovly, om arbeidet kring budsjettprosessen og økonomiplanen.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med endringar og tillegg frå ordføraren, Odd A. Folkestad, Anders Egil Straume og Gunnar Strøm vart samrøystes godkjent.

## **PS 156/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

Protokollen var på førehand godkjent av avgått ordførar Arild Iversen.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om godkjenninga av protokollen. Han kom i førre møte med ein protokolltilførsel, som vart delvis handsama i samband med ei orienteringssak i lukka møte, jr. kl. § 31 nr. 2. Protokolltilførselen vart dermed unnateke offentlegheit.

## **PS 157/15 2. Tertialrapport 2015**

### **Administrasjonen si tilråding:**

1. *2. Tertialrapport 2015 vert teken til vitende.*
2. *Finansrapport (passiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 1)*
3. *Finansrapport (aktiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 2)*

### **Handsaming:**

Rådmannen og økonomisjef Henrik Skovly orienterte om saka.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:**

1. *Tertialrapport 2015 vert teken til vitende.*
2. *Finansrapport (passiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 1)*
3. *Finansrapport (aktiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 2)*

## **PS 158/15 Administrasjonsstader i nye politidistrikt**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda formannskap rår til at Møre og Romsdal politidistrikt vert lokalisert i Ålesund.*

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 03.11.2015:**

*Volda formannskap rår til at Møre og Romsdal politidistrikt vert lokalisert i Ålesund.*

## **PS 159/15 Nye 110-regionar og samlokalisering av nødmeldetenesta - Høyring**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret rår til at 110-sentralen for Møre og Romsdal vert lokalisert til Ålesund.*

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:**

*Kommunestyret rår til at 110-sentralen for Møre og Romsdal vert lokalisert til Ålesund.*

## **PS 160/15 Campusutvikling på høgskulen i Volda - Kommunen sin medverknad**

### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Det vert oppnemnt eit politisk arbeidsutval som får som mandat å avklare kommunen sine behov og muligheiter i ei oppfølging av resultata frå arbeidsgruppene for Campusprosjektet punkt 4.*
- 2. Følgjande vert valt til medlemmer i utvalet:.....  
..... osv.  
.....vert valt til leiar.*
- 3. I mandatet inngår m.a vurdering og framlegg om:  
- Framtidig lokalisering av kino og type kinokonsept  
- Kva formål Volda samfunnshus skal ha i framtida  
- Definere behovet for og aktuell sambruksløyising av lokale saman med Høgskulen og ev andre partar.*
- 4. Utvalet skal vurdere om utbyggingsplanane på Campusområdet kan gripe inn i utgreiingsarbeidet for ny Voldahall. Arbeidsgruppa for hallprosjektet får derfor utsett frist til 1. mai 2016 til å leggje fram sin rapport.*

5. *Utvalet skal vurdere tiltak på kort sikt og tiltak på lang sikt, innanfor berekraftige og realistiske økonomiske rammer. Utvalet skal i si vurdering konsekvensutgreie tiltaka det kjem med framlegg om, m.a kva konsekvensar det kan ha på kommunen sine prioriteringar i økonomiplansamanheng. Frist for utvalet sitt arbeid: 15.2.16.*

### **Handsaming:**

Formannskapet drøfta saka og kom med slikt framlegg til medlemmer i campusutviklingsprosjektet:

Medlemer:

*Jørgen Amdam, Fride Sortehaug og Odd Harald Sundal*

Varamedlemer:

*Gunnar Strøm, Sølvi Dimmen*

Medlemer:

*Arild Iversen og Dan Bjørneset*

Varamedlemer:

*Margrethe Bjerkvik og Odd A. Folkestad*

*Jørgen Amdam vert valt til leiar.*

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen, med val av medlemmer frå formannskapet, vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:**

1. *Det vert oppnemnt eit politisk arbeidsutval som får som mandat å avklare kommunen sine behov og muligheiter i ei oppfølging av resultata frå arbeidsgruppene for Campusprosjektet punkt 4.*
2. *Følgjande vert valt til medlemmer i utvalet:*

*Medlemer:*

*Jørgen Amdam, Fride Sortehaug og Odd Harald Sundal*

*Varamedlemer:*

*Gunnar Strøm, Sølvi Dimmen*

*Medlemer:*

*Arild Iversen og Dan Bjørneset*

*Varamedlemer:*

*Margrethe Bjerkvik og Odd A. Folkestad*

*Jørgen Amdam vert valt til leiar.*

3. *I mandatet inngår m.a vurdering og framlegg om:*
  - *Framtidig lokalisering av kino og type kinokonsept*
  - *Kva formål Volda samfunnshus skal ha i framtida*
  - *Definere behovet for og aktuell sambruksløyising av lokale saman med Høgskulen og ev andre partar.*
4. *Utvalet skal vurdere om utbyggingsplanane på Campusområdet kan gripe inn i utgreiingsarbeidet for ny Voldahall. Arbeidsgruppa for hallprosjektet får derfor utsett frist til 1. mai 2016 til å leggje fram sin rapport.*
5. *Utvalet skal vurdere tiltak på kort sikt og tiltak på lang sikt, innanfor berekraftige og realistiske økonomiske rammer. Utvalet skal i si vurdering konsekvensutgreie tiltaka det kjem med framlegg om, m.a kva konsekvensar det kan ha på kommunen sine prioriteringar i økonomiplansamanheng. Frist for utvalet sitt arbeid: 15.2.16.*

## **PS 161/15 Grensejustering og makebyte mm av areal gbr 13/60 - Kvislagrova**

### **Administrasjonen si tilråding:**

1. *Formannskapet aksepterer Tømrer Service AS sitt forslag til makebyte slik det går fram i saksutgreiinga. Det er ein føresetnad at firmaet opparbeider/utvidar snuplassen i Kvislavgen, i samråd med teknisk sektor.*
2. *Kostnader med makebytet (grensejustering/tinglysing m.m. ) må dekkast av Tømrer Service AS.*

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 03.11.2015:**

1. *Formannskapet aksepterer Tømrer Service AS sitt forslag til makebyte slik det går fram i saksutgreiinga. Det er ein føresetnad at firmaet opparbeider/utvidar snuplassen i Kvislavgen, i samråd med teknisk sektor.*
2. *Kostnader med makebytet (grensejustering/tinglysing m.m. ) må dekkast av Tømrer Service AS.*

## **PS 162/15 Næringsareal på Rotset - Gjennomføring av reguleringsplan-Oreigning.**

### **Administrasjonen si tilråding:**

1. *Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå*

*Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14 . Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.*

- 2. Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.*
- 3. Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøn.*
- 4. Volda kommune krev skjøn.*

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:**

- 1. Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14 . Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.*
- 2. Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.*
- 3. Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøn.*
- 4. Volda kommune krev skjøn.*

### **PS 163/15 "Førebyggje utanforskap - inkludere i felleskapet"**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret sluttar seg til KS si satsing på å førebyggje utanforskap og bidra til inkludering, til beste for den einskilde og samfunnet generelt.*

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:**

*Kommunestyret sluttar seg til KS si satsing på å førebyggje utanforskap og bidra til inkludering, til beste for den einskilde og samfunnet generelt.*



## **PS 164/15 Reforhandla samhandlingsavtale mellom Helse Møre og Romsdal og Romsdal HF og kommunane i Møre og Romsdal - godkjenning**

### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Volda kommunestyre godkjenner den reviderte Samhandlingsavtalen mellom Volda kommune og Helse Møre og Romsdal HF slik den ligg føre i vedlegg til saka, unnateke vedlegg 5a, som er sendt til tvisteløysning.*
- 2. Volda kommunestyre har som føresetnad at vedlegg 5a i den tidlegare avtalen skal gjelde uendra inntil avgjerd i Nasjonal Tvisteløysingsnemd.*
- 3. Rådmannen får fullmakt til å vedta retningsliner og prosedyrer som følgjer av avtalen, dersom desse ikkje er av vesentleg eller prinsipiell betydning. Rådmannen får på same vilkår også fullmakt til administrativ godkjenning av vedlegg 5a, når avgjerd i Nasjonal Tvisteløysingsnemd ligg føre.*

### **Handsaming:**

Gunnar Strøm (SV) fekk permisjon kl. 15.50 og vara Øyvind Festø (MDG) tok sete.

Brev frå Fagforbundet i Møre og Romsdal, *Endring i samarbeidsavtale – samhandlingsreforma* 20.08.2015, vart utsendt på møtedagen.

Rådmannen orienterte om saka.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:**

- 1. Volda kommunestyre godkjenner den reviderte Samhandlingsavtalen mellom Volda kommune og Helse Møre og Romsdal HF slik den ligg føre i vedlegg til saka, unnateke vedlegg 5a, som er sendt til tvisteløysning.*
- 2. Volda kommunestyre har som føresetnad at vedlegg 5a i den tidlegare avtalen skal gjelde uendra inntil avgjerd i Nasjonal Tvisteløysingsnemd.*
- 3. Rådmannen får fullmakt til å vedta retningsliner og prosedyrer som følgjer av avtalen, dersom desse ikkje er av vesentleg eller prinsipiell betydning. Rådmannen får på same vilkår også fullmakt til administrativ godkjenning av vedlegg 5a, når avgjerd i Nasjonal Tvisteløysingsnemd ligg føre.*

## **PS 165/15 Kommunereformen - Oppnemning av forhandlingsnemnd**

### **Administrasjonen si tilråding:**

1. *Kommunestyret viser til sitt vedtak i sak 70/15, møte 18.6.15, og har som intensjon å følge opp dei oppgåver og framdriftsplan som der er skissert.*
2. *Kommunestyret vel følgjande forhandlingsnemnd på 4 medlemmer: Ordførar, varaordførar, .....og rådmann.*
3. *Kommunestyret føreset at rådgjevande folkerøysting om kommunesamanslåing vert halde same dag i Volda og Ørsta.*

### **Handsaming:**

Dan Helge Bjørneset og rådmannen orienterte om tidlegare møte med Ørsta om kommunereforma.

Ordføraren kom med framlegg om Dan Helge Bjørneset som medlem i forhandlingsnemnda.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen, med framlegget frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:**

1. *Kommunestyret viser til sitt vedtak i sak 70/15, møte 18.6.15, og har som intensjon å følge opp dei oppgåver og framdriftsplan som der er skissert.*
2. *Kommunestyret vel følgjande forhandlingsnemnd på 4 medlemmer: Ordførar, varaordførar, Dan Helge Bjørneset og rådmann.*
3. *Kommunestyret føreset at rådgjevande folkerøysting om kommunesamanslåing vert halde same dag i Volda og Ørsta.*

### **PS 166/15 Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av august 2015**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret tek rapporten til orientering.*

### **Handsaming:**

Formannskapet gjekk gjennom vedtaksloggen og kom med merknader til rådmannen.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:**

*Kommunestyret tek rapporten til orientering.*

## **PS 167/15 Orienteringssaker**

**OS 112/15 Flyktningsituasjonen og ytterlegare behov for innkvartering av asylsøkere**

**OS 113/15 Volda statlege mottak, avdeling for einslige midreårige asylsøkjjarar. Konvertering til ordinær driftsavtale**

**OS 114/15 Videre arbeid med kommunereformen - brev til alle landets kommunestyre**

**OS 115/15 Referat frå fellesmøte for prosjektgruppene i Ørsta og Volda om kommunereforma - 28.09.2015**

**OS 116/15 Invitasjon til Sunnmøre Arena 26. november 2015**

Formannskapet og gruppeleiarane, som ikkje er medlemmer i formannskapet, vert innkalla til Arena Sunnmøre 26.11.15.

**OS 117/15 Referat frå rådmannsgruppa Søre Sunnmøre 23.10.2015**

**OS 118/15 Volda Idrettsråd - Samordninga av planlegging av idrettshallar**

## **OS 119/15 Framlegg til høyringsuttale frå Sunnmøre Regionråd - Høyring om administrasjonsstad for nye Møre og Romsdal politidistrikt**

## **OS 120/15 Innkalling til representantskapsmøte i Sunnmøre Regionråd IKS 20. november 2015**

## **OS 121/15 Modell for beregning av boligformue - soneinndeling**

## **OS 122/15 Svar på spørsmål om Volda formannskap - lovleg val?**

Brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, *Volda formannskap – lovleg val?*, vart utsendt på møtedagen.

Ordførar viste til attendemeldinga frå Fylkesmannen vedkommande val av formannskap. I brevet vart det reist spørsmål om lovlegheit i høve kjønnsfordelinga i formannskapet. Fylkesmannen godkjenner i brevet, formannskapet si samansetjing.

## **OS 123/15 Omsorgstenesta - statleg finansiering**

Odd A. Folkestad tok opp spørsmålet om, deltaking i forsøksordning om statleg finansiering av omsorgstenesta. Rådmannen orienterte om saka. Formannskapet var samde om at ordføraren og rådmannen får fullmakt til å arbeide vidare med saka.

## **OS 124/15 Reguleringsplan B58 Bratteberg**

Anders Egil Straume ynskte ei orientering om status for reguleringsplan B58 i Bratteberg. Rådmannen informerte formannskapet om status for planarbeidet og at ein tek sikte på politisk godkjenning av reguleringsplanen i desember.

## **OS 125/15 Flytnings situasjonen**

Ordføraren og rådmannen orienterte om flytnings situasjonen, både lokalt og nasjonalt. Auka mottak av flyktingar til kommunen, har ført til auka behov for ulike kommunale tenester. Volda kommune har styrka fleire tenesteområde for å kunne gi eit tilfredstillande tilbod. Administrasjonen arbeider med saka, og det vil kome sak om busetjing av flyktingar til politisk handsaming i desember.

Møtet slutt kl. 17:25

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
04.11.2015

Sonja Håvik  
konsulent